


## Samanstilling av KOSTRA tal for kommunane i Nordhordland - 2013

I denne rapporten er det tatt med nokre av dei viktigaste nøkkeltala frå rekneskapa og KOSTRA rapporteringa for åra 2010 – 2013 for kommunane i regionen. For å kunne ha noko å samanlikne med utanfor regionen og eigen kommune er der teke med kommunegruppe 8 (gjennomsnitt for dei kommunane som er med i den gruppa) som Meland og Lindås kommune er i og gjennomsnittet for landet (men Oslo er ikkje med).

### Netto driftsresultat i 2013



Netto driftsresultat viser kor mykje som kan avsetast til framtidig bruk og til eigenfinansiering av investeringar. Som hovudregel er det anbefalt at netto driftsresultat bør vere minimum pluss 3 % av driftsinntektene for å ikkje tære på tidlegare reservar. Gj.snittet for landet er på 2,4 % i 2013. Fem av kommunane har eit netto driftsresultat som tilfredsstillar kravet til minimum 3 %, men 4 ligger under. Meland skil seg ut med ein kraftig forbetring i 2013.


Kommunane får i stor grad refundert moms – momskompensasjon. Denne inntekta vert ført i drift sjølv om utgiftene til moms som gjeld investeringar er ført i investeringsrekneskapa. Det fører til at høge investeringar gir tilsvarende auka inntekter i drift. Av den grunn kan det vera interessant å sjå korleis inntektene frå momskompensasjon har utvikla seg dei siste 4 åra. Frå og med rekneskapsåret 2010 vart 20 % av momskompensasjon (auka med 20 % kvart år)

frå investering tilbakeført til investering, men det påverka netto driftsresultat for det vart inntektsførast i drift før det vart tilbakeført. Frå og med 2014 vil ikkje refusjon frå mva i investering verta ført i drift. Det betyr at (til og med 2013) netto driftsresultat må vurderast i lys av om kommunen har hatt høge investeringar eller ikkje.

MVA – kompensasjon påløpt i investeringsrekneskapen i prosent av brutto driftsinntekter.

	2010	2011	2012	2013	Gj.snitt
<b>Austrheim</b>	4,1	2,6	2,2	2,6	2,9
<b>Lindås</b>	1,2	1,8	1,7	2,3	1,8
<b>Modalen</b>	4,7	0,1	1,2	0,5	1,6
<b>Meland</b>	2,2	0,4	0,9	1,4	1,2
<b>Masfjorden</b>	1,4	1,6	1,3	0,2	1,1
<b>Gulen</b>	1	0,6	0,8	2,1	1,1
<b>Fedje</b>	0	1,4	1,1	1,9	1,1
<b>Radøy</b>	0,5	1,3	0,9	1,1	1,0
<b>Osterøy</b>	0,6	1,2	0,3	0,3	0,6

Austrheim er den kommunen som har høgast mva kompensasjon frå investering sett i forhold til driftsinntektene. Osterøy ligg lågast som følgje av lite investeringar dei siste åra. Ved å ta vekk moms kompensasjon frå investering får vi fram korleis netto driftsresultat vil «sjå» ut frå og med 2014.



I 2013 ville Austrheim, Radøy og Gulen hatt eit negativt netto driftsresultat med den føresetnaden.

## Frie inntekter i høve til berekna utgiftsbehov

Kommune	Korrigerte frie inntekter, ekskl. eiendomsskatt og konsesjonskraftinntekter	Korrigerte frie inntekter, inkl. eiendomsskatt og konsesjonskraftinntekter
1252 Modalen	127	234
1266 Masfjorden	107	141
1265 Fedje	121	125
1263 Lindås	98	116
1411 Gulen	105	116
1264 Austrheim	108	112
1253 Osterøy	98	98
1256 Meland	98	98
1260 Radøy	97	98
<b>Hordaland</b>	<b>100</b>	<b>101</b>

I kommuneproposisjonen viser tabell (3.5) korrigert frie inntekter i høve til berekna utgiftsbehov. ”Tabell 3.5 viser den enkelte kommunes frie inntekter korrigert for variasjoner i utgiftsbehov for 2013, både med og uten eiendomsskatt og konsesjonskraftinntekter.” Det er relativt store skilnadar i kommunane sine frie inntekter i høve til berekna utgiftsbehov. Berekna utgiftsbehov er det som vert nytta til å berekne kommunen sine rammetilskott og inntektsutjamninga. Eigedomsskatt og


konsesjonskraft er ikkje med i den inntektsutjamninga, noko som er hovudårsaken til dei forskjellane som er mellom kommunane i Nordhordland.

Tabellen viser enkelt forklart kor store frie inntekter ein kommunen har i høve til berekna utgifts behov, gj.snitt for heile landet er 100. I vår region er det 3 kommunar som er under 100 (gj.snittet for landet). For å forenkla det så har Radøy ved eit berekna utgiftsbehov på 100 kr 98 kr til disposisjon, det betyr at Radøy må bruke om lag 2 % mindre for å produsere tenestene enn det gj.snittet for landet kan. Lindås har tilsvarende 116 kr til disposisjon og kan difor tillate seg å nytte tilsvarende meir. Dei forskjellane som er i inntekt inklusiv eigedomsskatt, konsesjonskraft og utbytte er viktig for å forstå kvifor kommunane kan/må prioritere å ha ganske forskjellig ressursbruk til dei ulike tenestene. Dei aller «fattigaste» kommunane i landet har 92 i korrigerte frie inntekter.

## Gjeld og likviditet

Netto langsiktig gjeld i prosent av driftsinntektene seier noko om kva den langsiktige gjelda vil bety for drifta framover. Høg andel langsiktig gjeld i høve til driftsinntektene betyr at ein større del av inntektene må nyttast til å betale renter og avdrag. Eit lavt rentenivå har dempa verknaden av at den langsiktige gjelda har auka. Med unntak av Lindås så har lånegjelda i % driftsinntektene gått noko ned sidan 2010. Dei minste kommunane har eit relativt ”behageleg” nivå på den langsiktige gjelda.


Kor vidt ein renteoppgang vil vere positiv eller negativ må vurderast i ein større heilskap. Da må ein i tillegg til netto lånegjeld sjå på innskott i bank, rentekompensasjon, auke i sjølvkostgebyr som følgje av auka kapitalkostnader og ikkje minst auka avkastning på pensjonsmidlane hos KLP. Grovt sett så vil kommunane Masfjorden, Gulen, Modalen og Fedje komme betre ut med ein renteoppgang. Meland har sopass høg gjeld at ein renteoppgang vil vere negativ. Dei andre kommunane er det litt meir usikkerhet om kva totaleffekten vil vere med ein renteoppgang.



Kontantar, lettomsattelege aksjar og obligasjonar (kontantbeholdning) vil i utgangspunktet kunne nyttast til drift. Men ein del av det er i prinsippet ”låst” til investering, det gjeld ubrukte lånemidlar og bundne og ubundne fond til investering. Når ein trekker det frå kontantbeholdninga så ser ein kor stor del av kontantane som ”kan” nyttast til drifta. I figuren er det merka som driftslikvidar. Osterøy skil seg ut ved at driftslikvidane er negativ. Det vil sei at kommunen må nytte likvidar til drift som eigentleg er tenkt nytta til investering. Det skjer nok også i andre kommunar. Det vil sei at desse kommunane har ”lånt” frå investering for å dekke kapitalbehovet i drifta. I tillegg er det ein del av midlane som er låst til bundne driftsfond, noko som reduserer kor mykje av likvidane som ”kan” nyttast til ordinær drift, sjå tabellen under. Meland og Osterøy har høge bundne driftsfond.


	(1)Kontantbeholdning inklusiv aksjar, obligasjonar og sertifikat	(2) Ubrukte lånemidlar	(3) Bundne fond investering	(4) Ubundne fond investering	(5) = 1 - 2 - 3 - 4 Driftslikvidar	(6) Bundne driftsfond	(7) = 6 - 5 Likvidar for ordinær drift	1 % av driftsinntektene
<b>1266 Masfjorden</b>	55 852	3 436	-	2 565	<b>49 851</b>	6 468	<b>43 383</b>	24 %
<b>1252 Modalen</b>	22 391	932	8	139	<b>21 312</b>	4 603	<b>16 709</b>	19 %
<b>1411 Gulen</b>	59 812	4 437	240	-	<b>55 135</b>	12 897	<b>42 238</b>	19 %
<b>1263 Lindås</b>	375 247	102 293	17 984	18 535	<b>236 435</b>	18 738	<b>217 697</b>	18 %
<b>1265 Fedje</b>	33 193	6 872	-	15 175	<b>11 146</b>	926	<b>10 220</b>	15 %
<b>1264 Austrheim</b>	43 559	13 953	4 425	2 465	<b>22 716</b>	3 963	<b>18 753</b>	8 %
<b>1260 Radøy</b>	46 508	13 922	99	5 095	<b>27 392</b>	7 914	<b>19 478</b>	5 %
<b>1256 Meland</b>	52 554	7 548	5 805	7 320	<b>31 881</b>	18 506	<b>13 375</b>	3 %
<b>1253 Osterøy</b>	73 748	36 192	5 055	40 000	<b>(7 499)</b>	18 672	<b>(26 171)</b>	-5 %

## Fordeling av netto driftsutgifter på tenesteområda i 2013




Korleis kommunane prioriterar og nyttar midlane på dei ulike sektorane vil for ein stor del vere gitt med grunnlag i aldersfordelinga til befolkninga og statlege krav. Slik at Meland med ein stor del i skulepliktig alder må nytte relativt stor del av dei frie inntektene til skule og barnehage. I tillegg vil fordelinga på dei ulike sektorane sei noko om lokale politiske prioriteringar. Med unntak av Modalen så går 85 – 90 % av netto driftsutgifter til helse og omsorg, skule, barnehage og administrasjon.

## Barnehage




Det har vore stor politisk fokus på barnehagedekning og utbygging av barnehagar. I Kostra kjem barnehagedekninga fram som tal barn i barnehage i høve til tal barn totalt som er 1 – 5 år. Den seier noko om dekningsgraden i kommunen, men behovet eller ønskje om plass kan variere. Når Modalen kjem over 100 betyr det at dei tek i mot barn i frå andre kommunar, slik at tal barn i barnehagen vert

høgare enn tal barn totalt. Dei med lågast dekning er nede i 84, men behovet kan likevel vera dekkja.




Netto driftsutgifter til barnehage (1.000 kr) fordelt per innbyggjar som er 1 – 5 år viser ein relativt stor variasjon. Osterøy er den kommunen som har dei lågaste netto driftsutgiftene. Meland har redusert sine utgifter, men nyttar heile 17 % av netto driftsutgifter til barnehage.

## Grunnskule




Netto driftsutgifter pr elev (1.000 kr) varierer ganske mykje mellom kommunane. Det er naturleg nok dei minste kommunane som nyttar mest ressursar pr elev. Små skular med få elevar i kvar klasse gir relativt

få elevar pr lærar noko som gjer at utgiftene pr elev vert høgare i desse kommunane. Osterøy og Meland har dei lågaste utgiftene pr elev og ligg under gjennomsnittet for landet og kommunegruppe 8. Dei andre kommunane ligg over og Radøy sin ressursbruk pr elev gjer at ressursbruken er 9 – 10 mill kr høgare enn den ville vore dersom nivået hadde vore på gj. snitt for landet.




Andel elevar som mottok spesialundervisning viser ein langsiktig stigande tendens i fleire av kommunane, sjølv om det gikk noko ned i 2013. Fedje og Gulen ligg under gjennomsnittet for landet og kommunegruppe 8, men dei andre kommunane ligg over. Dei kommunane som ligg så vidt mykje over gjennomsnittet for landet bør kanskje vurdere spesialundervisninga særskilt.

### Pleie og omsorg




Av dei som er 80 år og eldre som mottok heimeteneste eller har plass på institusjon eller bustad med heildøgns omsorg ligg i mange kommunar rundt 50 %. Osterøy skil seg ut med ein forholdsvis låg dekning. Fedje og Modalen har ikkje noko data for det er personar som er 80 år og eldre som mottok heimeteneste.



Brutto driftsutgifter (1000 kr) pr institusjonsplass varierer mellom kommunane. Meland skil seg ut med låge utgifter. Utgiften er pr plass og ikkje mot faktiske bebuarar. Dei fleste kommunane har fulle institusjonar, men for Modalen kan det vere at tal plassar er noko høgare enn tal


bebuarar og kan forklare den ”låge” utgiften pr plass. Dei totale brutto driftsutgiftene er med funksjon 253 (pleie) og 261 (bygg inkl avskrivningar).

Samanlikna med gjennomsnittet for landet og kommunegruppe 8 så er ressursbruken pr



mottakar av heimeteneste (1.000 kr) høgare, med unntak for Modalen og Masfjorden. Årsaka til at det er så stor variasjon i dei gjennomsnittlege utgiftene pr mottakar av heimetenester kan vere at der er høgare andel med ressurskrevjande brukarar i nokon kommunar.

## Kommunehelsetenesta




Utgiftene til kommunehelsetenesta er mellom anna omfatta av lege- og fysioterapitenesta. Meland er om lag på same nivå som kommunegruppe 8 og litt under gjennomsnittet for landet. Dei andre kommunane ligg over. Med unntak av Lindås er der slik at ressursbruken pr innbyggjar vert redusert med auka storleik på

kommunen.




## Sosialtenesta




Netto utgiftene til sosialtenesta viser stor variasjon. Den er lågare enn gjennomsnittet for kommunegruppe 8, med unntak av Meland.

## Barneverntenesta



Netto utgiftene til barnevern utviklar seg litt forskjellig i dei ulike kommunane. Osterøy og Radøy nyttar mest midlar til barnevern, men netto utgiftene er noko redusert i høve til 2012. Osterøy og Radøy er dei to kommunane som kjem dårlegast ut på kommunebarometeret.

## Administrasjon



Netto driftsutgifter til administrasjon og styring (funksjonane 170 - premieavvik, 180 - diverse fellesutgifter og 190 interne serviceenheter er ikkje med) pr innbygger varierer ganske mykje mellom kommunane. Der er klare stordriftsfordelar med omsyn til utgifter til administrasjon. Organisering av

kommunen kan vere med på å påverke korleis lønnsutgiftene vert fordelt på dei ulike Kostra funksjonane. Også ulik praksis med omsyn til korleis ein fordeler fellesutgiftene i rekneskapen kan gi variasjonar mellom kommunane. I dei minste kommunane vil det nok også vere slik at det ikkje er praktisk å få fordelt alle utgiftene på rett tenestområde og vert difor verande på administrasjon. Gulen har hatt ein relativt stor auke, mens det i Meland har flata ut/reduisert. Noko av endringa i Meland kan forklarast med auken i folketalet.

## Årsverk


Kommune	2010	2011	2012	2013	2013 i % av 2010
Modalen	77	76	75	74	95 %
Osterøy	518	544	554	511	99 %
Meland	382	408	402	394	103 %
Radøy	365	392	382	402	110 %
Lindås	1 104	1 113	1 108	1 159	105 %
Austrheim	259	266	264	278	107 %
Fedje	62	64	69	68	110 %
Masfjorden	193	185	198	210	109 %
Gulen	225	233	230	245	109 %

I statistikkbanken til SSB – KOSTRA er der tal for årsverka i kommunane, dei er henta frå NAV A-registeret som kommunane rapporterer til. Har valt å bruke dei årsverka som heiter ”Avtalte årsverk eksklusive lange fravær”. Det er der tatt utgangspunkt i avtalte årsverk og korrigert for

legemeldt fravær og svangerskapspermisjon.

Der er nokon «pussigheter» i tala, som at Meland og Radøy har like mange årsverk. Det at Lindås har nesten 3 gonger så mange årsverk som Meland virker også litt pussig. Stor andel private barnehagar i Meland kan vere ei forklaring. Men det bør gjerne også føre til at ein ser på korleis rapporteringa av årsverka vert gjennomført, det har vore ei utfordring tidlegare å få inn riktige og oppdaterte data.

Alle kommunane har ein auke i årsverk frå 2010 til 2013, med unntak for Modalen og Osterøy. I nokon av kommunane har veksten vore relativ stor. Samla for heile regionen er den på 5 %.




Fordelinga av årsverka på dei ulike tenesteområda viser at helse og sosial (inkludert pleie og omsorg) er det området med flest årsverk. Deretter kjem skule. Dei to områda har til saman om lag 70 % av årsverka i fleire av

kommunane. I dei kommunane med stor andel private barnehagar, som til dømes i Meland og Lindås, vil andel årsverk i barnehage vere låg.


## Innbyggartal, prognose og demografi

Frå 01.01.2000 og fram til 01.01.2014 har folketallet i regionen auka med 16 %. Dei minste kommunane har utfordringar med å halde folketallet oppe, men Modalen er unntaket. Meland har størst % auke i perioden – 41 %, men Lindås har auka meste i tal personar - 2.600 personar – 21 %. Har og tatt med ein prognose frå SSB fram til og med 2040.

	Folketal 01.01.				Middels nasjonal vekst (MMMM)				2014 i % av 2000	2030 i % av 2014
	1990	2000	2010	2014	2020	2025	2030	2040		
<b>Modalen</b>	340	354	344	372	406	421	444	468	105 %	119 %
<b>Osterøy</b>	7 016	7 006	7 421	7 786	8 629	9 303	9 924	10 926	111 %	127 %
<b>Meland</b>	4 534	5 353	6 631	7 544	8 994	10 152	11 232	13 077	141 %	149 %
<b>Radøy</b>	4 560	4 585	4 825	5 039	5 346	5 583	5 767	5 997	110 %	114 %
<b>Lindås</b>	11 861	12 492	14 286	15 069	16 377	17 439	18 410	19 881	121 %	122 %
<b>Austrheim</b>	2 684	2 527	2 738	2 833	3 239	3 555	3 818	4 231	112 %	135 %
<b>Fedje</b>	730	682	594	561	534	504	491	463	82 %	88 %
<b>Masfjorden</b>	1 891	1 774	1 635	1 693	1 710	1 731	1 759	1 777	95 %	104 %
<b>Gulen</b>	2 606	2 489	2 302	2 315	2 382	2 456	2 548	2 708	93 %	110 %
<b>Totalt</b>	36 222	37 262	40 776	43 212	47 617	51 144	54 393	59 528	116 %	126 %




Fordelinga på aldersgrupper er pr 01.01.14.



Prognosen for befolkningsframskrivinga viser at det er aldersgruppa 68 – 79 som vil auke mest prosentvis i regionen. Dei første åra. Aldersgruppa 80 år og eldre vil først auke etter 2020. I 2030 vil der vere over 60 % fleire som er 80 år og eldre.

Tal innbyggjarar i aldersgruppa 1 – 5 år i forhold til aldersgruppa 11 – 15 år fortel noko om framtidig rekruttering til skulen dei næraste 5 åra. No har deler av regionen stor netto tilflytting slik at det kan forventast at tal barn som skal begynne på skulen vil auke. Men dei kommunane der aldersgruppa 1 – 5 år utgjer om lag 90 % eller mindre av dei som er 11 – 15 år må ha ein ganske stor netto tilflytting for at elevtalet ikkje skal bli redusert framover. Meland skil seg ut med 17 % fleire som er 1 -5 år samanlika med 11 – 15 år. Kommunen må forvente ein stor auke i elevtalet, i tillegg kan ein forvente tilflytting. For Fedje og Gulen er reduksjonen ganske dramatisk. Litt overraskande at Austrheim og Osterøy ligg så lågt.




Når ein ser på tal born pr årgang frå 0 – 15 år pr 31.12.13 så får ein eit bilete av korleis elevtalet utviklar seg. Dei som var 15 år 31.12.13 var ferdig med 10 klasse no i 2014, 12 år startar i 8. klasse og 5 år begynner i 1. klasse no i 2014.


Meland skil seg ut med ein stigande tal barn i dei yngste årsklassane. Dei som går ut av 10. klasse utgjer 80 % av gj.snitt og dei som startar opp i skulen utgjer 114 %. Det tilseier ein relativt stor auke i elevtalet og utfordring med omsyn til plass. I alle dei andre kommunane er der ein fallande tendens, den er minst i Lindås. I Osterøy er utgjer dei som sluttar i 10. kl. 113 % av gj.snitt, mens dei som startar i 1. kl. utgjer 82 %. I dei mindre kommunane vil årsklassane svinge meir, men trenden er lågare tal i dei yngre årstrinna. Det vil gi utfordringar med omsyn til å ha ein forsvarleg ressursbruk i skulen i forhold til kommunen sine inntekter.

Andelen av befolkninga som er i gruppa 21 – 40 år fortel oss noko om framtidig fødselstal. Andelen har gått noko ned som følge av auka andel eldre. Meland ligg på topp med 27 %, gjennomsnittet for regionen er på 25 %. Dei minste kommunane har den lågaste andelen i denne aldersgruppa og der er reduksjon størst. Med fallande eller stagnasjon i folketalet så vert reduksjon av andelen i denne aldersgruppa ekstra merkbar.

### Born pr årgang 0 - 15 år i % av gj.snitt 31.12.13



### Andel av befolkningen 21 - 40 år



## Notat – August 2014

### Tema - kommuneundersøkingar

I løpet av summaren er der presenter to større undersøkingar om kommunane:

- Kommunebarometeret – Kommunal Rapport
- NHOs kommune NM – utarbeida av Vista Analyse

Det vil også vere av interesse å sjå på korleis kommunane i denne regionen kjem ut på desse undersøkingane. Kommunebarometeret går i hovudsak på KOSTRA tal og det er hovudtala som her er med. NHO sin rapport ser også litt på kommuneøkonomi, men her vert kommunane rangert etter andre faktorar. Det som kjem fram her er kommunane sin plassering i forhold til kvarandre (1 – best – 428 dårlegast). Det må ikkje sjåast på plassering som er tett på kvarandre som nokon forskjell, men når det skil 100 plassar så byrjar det å bli interessant. Der vil nok alltid vere diskusjon rundt desse målingane med omsyn til kva som er vektlagt. NHO sin vurderinga av kommuneøkonomien synes å ha eit litt spesielt fokus, samanlikna med som vert vektlagt i andre rapportar.

Dette er rapportar som uansett vil bli diskutert og presentert så det er viktig at vi også kjenner til dei og har eit bilete av korleis det står til i vår region.


### Kommunebarometeret

Kommunebarometeret har 6 hovudområdet og ein totalplassering. I totalplasseringa så tel dei seks områda likt, men i tillegg er der korrigert for inntekt. Kommunar med inntekt over 100 vert nedjustert og dei med under 100 vert oppjustert, sjå vedlegg for nærare forklaring.

### Grunnskule

Dei viktigaste kriteria her er avgangskaraktarar, nasjonale prøvar, gruppestorleik og utdanning.


Gulen er heilt i toppen med sin plassering. Meland, Fedje og Masfjorden er også i øvste halvdel. Lindås, Radøy og Osterøy ligger midt i, mens Austrheim kjem i det nedste sjiktet. For Modalen mangla der data. Det er vanskeleg å sjå nokon samanheng mellom ressursbruk og (sjå KOSTRA notatet) og oppnådd plassering.



### Eldreomsorg

Dei viktigaste kriteria her er dekningsgrad for dei som er 80 år og eldre både for sjukeheim og heimeteneste, men fagpersonale vert også vektlagt.

Lindås, Meland og Modalen ligger heilt i topp. Radøy ligger også over middels, mens Masfjorden er litt under middels. Austrheim og Fedje kjem dårlegast ut. Det synes å vere litt overraskande, bør kanskje sjå litt på korleis rapporteringa er.






## Barnevern

Dei viktigaste kriteria er sakshandsamingstid og overhalding av fristar og årsverk med fagutdanning.


Meland og Austrheim ligger heilt i toppen og Masfjorden og Lindås er også det øvre sjiktet. Gulen ligger ganske midt i og Osterøy og Radøy er under gjennomsnittet. Fedje og Modalen var utan data.



## Barnehage

Dei viktigaste kriteria er fagutdanning og bemanning.


Modalen er heilt i toppen. Austrheim, Fedje og Masfjorden ligg også i det øvre sjiktet. Dei minste kommunane kjem best ut. Osterøy, Lindås og Gulen ligg litt under middels, mens Radøy og Meland er i det nedste sjiktet.



## Helse

Dei viktigaste kriteria er legedekning og årsverk helsesøster og psykiatrisk sjukepleier.


Gulen, Modalen og Fedje er heilt i toppen. Austrheim, Osterøy og Masfjorden ligg også i det øvre sjiktet. Lindås er litt under snittet og Meland og Radøy er i det nedste sjiktet.



## Økonomi


Dei viktigaste kriteria er netto driftsresultat, netto lånegjeld og disposisjonsfond.

Modalen, Masfjorden, Gulen og Fedje er heilt i toppen. Dei andre kommunane ligg frå litt over middesl til litt under. Det som er litt overraskande er at Austrheim kjem dårlegast ut.



### Totalt

Her blir det korrigert for frie inntekter. De som ha høge frie inntekter får nedjustert og dei som er under 100 får oppjustert. Det gjer nok sitt til at Modalen og delvis Austrheim kjem heilt i nedste sjiktet. Gulen ligg heilt i toppen. Deretter føl Meland og Masfjorden som også ligg over snittet. Osterøy, Radøy, Lindås og Fedje ligg litt under snittet.




## NHOs KommuneNM 2014

Den rapporten fokuserer på fem hovudområde med enkeltindikatorar innfor der. Enkeltindikatorane er forklart i eit vedlegg til rapporten. Dei fem hovudområda er – Arbeidsmarknad, demografi, kompetanse, lokal attraktivitet (bærekraft) og kommuneøkonomi. Dett er så lagt saman i ein total rangering.

### Arbeidsmarknad

Det som blir vektlagt her er sysselsettingsandel, sysselsatte i privat sektor og offentlige foretak, uføre og arbeidsledige.


Gulen og Modalen ligg her heilt i toppen. Fedje, Lindås, Masfjorden og Austrheim er i den øvste halvdel. Osterøy og Meland ligg midt i, mens Radøy er nesten heilt på botn.



### Demografi

Det som blir vektlagt her er befolkningsvekst, unge i forhold til eldre i prosent av arbeidsstyrken og netto innflytting.


Meland er med sin unge befolkning heilt i toppen. Kanskje litt overraskande at Osterøy er den neste på lista og foran Lindås. Radøy, Gulen, Austrheim og Masfjorden ligg i midten. Mens Modalen og Fedje ligger nedst.



### Kompetanse

Det som blir vektlagt her er dei som berre har grunnskule, høgare utdanning, fagprøveutdanning og teknisk naturvitenskapeleg utdanning .


Modalen ligg her heilt på topp. Lindås, Masfjorden og Meland ligg også heilt i det øvre sjiktet. Austrheim, Fedje og Gulen ligg også over middels. Osterøy er i midtsjiktet, mens Radøy er den som ligg lågast.



### Lokal bærekraft (attraktivitet)

Det som blir vektlagt her er inntektsnivå, aldring, kommunen sitt kjøp av private tenester og arbeidsmarknadsintegrasjon (innpendling og utpendling).

Meland ligg her heilt på topp, men også Lindås og Austrheim er høgt oppe. Osterøy og Radøy er over middels, mens Moldalen og Gulen ligg midt i. Masfjorden og Fedje er litt under middels.




### Kommune økonomi

Det som blir vektlagt her er administrasjonsutgifter pr innbygger, eigedomsskatt, inntekter utanom rammetilskott og netto lånegjeld pr innbygger. Tenker det kan vere grunn til å stille spørsmål ved desse indikatorane om dei gir det beste bilete av kommunen sin økonomi. Det blir meir ei vurdering utanfrå og ikkje om kommunen har ein god økonomi eller ikkje. Små kommunar med høge inntekter vil alltid komme dårleg ut her.


Det gir seg også utslag i at dei kommunane med dårlegast økonomi i regionen kjem øvst – Meland, Osterøy og Radøy. Mens den kommunen som har best økonomi – Modalen – kjem nedst.

Har difor tatt med ein figur kor tala frå kommunebarometeret og NHO er samanstillt i same figur, da får ein fram desse forskjellane.

### Kommunal økonomi - plassering





### Kommuneøkonomi - samanlikning av NHO og kommunebarometeret



## Oppsummering på kommunenivå

Har laga ein figur som summerer opp undersøkinga på kommunenivå. Der er ein figur for dei største kommunane og ein for dei minste.






## NHOs KommuneNM 2014 på regionsnivå

Det er også laget tal for regionane der Nordhordland kjem på ein 19 plass av totalt 79 regionar. Osterfjorden med Osterøy, Vaksdal og Modalen kjem på 45 plass. Har tatt med Sunnhordland og Bergensregionen slik at vi har noko å samanlikne oss med.

Nordhordland skil seg ut på Arbeidsmarknad – stor pendling til Bergen og på kommunal økonomi. Den siste bør ikkje vektleggast så mykje. Nordhordland er litt betre enn Sunnhordland når det gjelder demografi og lokal bærekraft. Når det gjeld kompetanse så er ein litt lågare enn Sunnhordland. Bergensregionen har plass nr 4 totalt sett og er ikkje lågare enn nr 8 på nokon av områda.



Vedlegg:

## **Metoden bak Kommunebarometeret 2014**

**Her får du mer informasjon om metoden vi har brukt for å lage Kommunebarometeret for femte gang. Her lister vi også alle nøkkeltall som er med i rangeringen.**

**Av Ole Petter Pedersen**

3. april 2014 - 9:43

(Oppdatert: 3. april 2014 - 9:58)

### **Hva er Kommunebarometeret?**

Kommunebarometeret er en sammenlikning av landets kommuner, basert på til sammen 127 nøkkeltall. Hensikten er å gi beslutningstakere – særlig folkevalgte i kommunestyret – en lettfattelig og tilgjengelig oversikt over hvordan kommunen driver. Tallene er hentet fra Statistisk sentralbyrås Kostra-database, foreløpige tall for 2013, Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet, Grunnskolenes informasjonssystem, Folkehelseinstituttets kommunedatabase og Kommuneproposisjonen 2014.

I all hovedsak er det 2013-tall som er bruk, men i noen tilfeller publiseres ikke data for 2013 før til høsten. I de tilfellene har vi brukt 2012-tallene.

Hvis noen kommuner mangler data på et nøkkeltall, har vi antatt at de er gjennomsnittlige. De som mangler for mange nøkkeltall blir ikke rangert på totaltabellen. Dette gjelder i hovedsak de kommunene som mangler økonomitall i de foreløpige Kostra-tallene.

### **Hvorfor gjør vi dette?**

Det er veldig vanskelig for en lokalpolitiker å sette seg ned med ssb.no og selv danne seg et bilde av hvordan kommunen faktisk driver. Barometeret gir mulighet for å stille spørsmål, og ikke minst la de mindre gode lære av de beste.

### **Har dette noen verdi, når det er så forenklet?**

Ja. I stedet for å drukne politikerne i detaljer, prøver vi å vise det store bildet. Kommunebarometeret erstatter ikke grundige og kostbare utredninger om en enkelt sektor – men det bidrar til at kommunen kan se hvilken sektor som det kan være verdt å se nærmere på. Det er naturlig at en kommune har noen gode og noen dårlige resultater. Likevel ser vi at en del kommuner skiller seg klart ut. Vi ser også at flere kommuner klarer å kombinere stram pengebruk med omfattende tilbud til brukerne.

I små kommuner kan selvsagt spesielle forhold gi spesielle utslag. Det er viktig å se etter årsaken til at kommunen kommer godt eller dårlig ut. En dårlig karakter kan ha en god forklaring.

## Hvilke kriterier er med?

Til sammen har vi 127 nøkkeltall. De blir listet nedenfor. Nederst i denne artikkelen kan du kommentere: Er det kriterier som burde vært med, og er det noen vi bør erstatte med andre og bedre kriterier? Målet vårt er å gjøre Kommunebarometeret så lettfattelig og godt som mulig – og vi tar imot all konstruktiv kritikk med takk!

## Hvordan klarer Kommunal Rapport å rangere kommunene?

Alle kommuner er rangert for hvert enkelt nøkkeltall, basert på kommunens egen rapportering. Åpenbare feil eller mistenkelige verdier er fjernet. De 5 prosent beste har fått karakteren 6. De 5 prosent dårligste får karakteren 1. Kommunene mellom ytterpunktene får karakter ut fra om nøkkeltallet er nært de beste eller de dårligste.

Det er altså i all hovedsak like mange 6-ere som 1-ere av karakterer, mens alle andre karakterer varierer ut fra om Kommune-Norge ligger nær de beste (mange 5-ere og 4-ere) eller de dårligste (mange 3-ere og 2-ere). Karakteren 3,5 betyr at du er midt mellom de beste og de dårligste.

Hvordan skalaen er satt opp er definitivt gjenstand for skjønn. Uansett blir dette en rangering fra «bra» til «dårlig» innen hvert nøkkeltall. Sammenlikning med andre, med egen kommune over tid og rangering på hvert enkelt nøkkeltall kan kommunene få tilgang til ved å bestille egne rapporter. Forklaringen her er gitt slik at andre skal kunne gjenta våre regneøvelser, og se at de stemmer.

## Nøkkeltallene har ulik vekt

Du kan ikke legge sammen karakterene for å se hvem som kommer best ut samlet. Nøkkeltallene har ulik vekt. For å gjenta vårt regnestykke må karakteren multipliseres med sektorens vekt og med nøkkeltallets vekt innen sektoren. Produktet av dette regnestykket kan legges sammen til en total for de 108 nøkkeltallene.

Poenget er like fullt å rette oppmerksomheten mot en gruppe kommuner som gjør det bra, ikke drive med millimeterregning på om den kommunen er marginalt bedre enn naboen. Det er derfor viktig å huske på at om man er nummer 1 eller 40 ikke spiller så stor rolle. Men det er stor forskjell på nummer 1 og nummer 400.

## Hvorfor legger vi vekt på korrigert inntekt?

Et spørsmål som opptar mange er hvorfor vi justerer tabellen for korrigert inntekt (hva kommunen har av disponible inntekter når den har gitt et standard tjenestetilbud). Årsaken er at vi ikke bare vil vise hvilke kommuner som har best nøkkeltall, men hvor gode de er i forhold til rammebetingelsene – for å si noe om kommunen yter maksimalt.

Kraftkommunene lider særlig av at vi korrigerer for disponible inntekter. I slutt Tabellen for Kommunebarometeret blir korrigert inntekt vektet slik:

$$1 + ((KI / 100) - 1) / 3).$$

Vi har satt en øvre grense på korrigert inntekt = 175. Uten en slik grense er vår vurdering at de fire rikeste kommunene, Bykle, Modalen, Eidfjord og Sirdal blir så hardt nedjustert at de havner urealistisk langt ned på slutt Tabellen.

En kommune med en korrigert inntekt på 112 prosent (1,12) vil da få totalscoren justert slik:

Totalscore (vektede nøkkeltall lagt sammen) / 1,04 = endelig resultat

Hvor mye korrigert inntekt skal telle, er en ren skjønnsmessig vurdering. Det er klart at kommuner med høyere inntekter, skal ha bedre resultater enn andre kommuner. Godt anvendt må ekstra ressurser gi effekt. Hvis de IKKE gir effekt, har jo inntekten ingen hensikt.

Forutsetningen i vårt regnestykke er at 3 prosent ekstra i inntekt gir effekt i form av 1 prosent bedre verdi på nøkkeltallet. Såpass må vi kunne forvente?

## **Hva med usikkerhet og gale tall?**

Tallene kommer fra kommunene selv. Vi forutsetter at de er i stand til å rapportere riktig. Noen sektorer er likevel beheftet med en del usikkerhet. I den foreløpige versjonen gjelder det særlig sektoren saksbehandling, nærmiljø og VAR. Svært mange kommuner mangler noen data i disse sektorene.

**Kommunebarometeret – indikatorar og vekting**

Nr	Kategori	Kode	Vekt	Forklaringstekst	Kilde
1	GSK	GSK1	0.02	AVGANGSKARAKTERER: Gjennomsnittlige grunnskolepoeng siste fire år (10 % vekt innen sektoren)	Kostra
2	GSK	GSK2	0.01	AVGANGSKARAKTERER: Gjennomsnittlige grunnskolepoeng siste år (5 %)	Kostra
3	GSK	GSK3	0.02	NASJONALE PRØVER: Gjennomsnitt 5. trinn siste fire år (10 %)	Udir
4	GSK	GSK4	0.02	NASJONALE PRØVER: Gjennomsnitt 8. trinn siste fire år (10 %)	Udir
5	GSK	GSK5	0.02	NASJONALE PRØVER: Gjennomsnitt 9. trinn siste fire år (10 %)	Udir
6	GSK	GSK6	0.01	NASJONALE PRØVER: Gjennomsnitt andel elever på laveste mestringsnivå. alle trinn siste tre år (5)	Udir
7	GSK	GSK7	0.04	FRAFALL: Andel elever som ikke har fullført og bestått videregående innen fem år. snitt siste fire år (20 %)	FHI
8	GSK	GSK8	0.01	GRUPPESTØRRELSE: Størrelse (1.-10. trinn) målt mot medianen i egen kommunegruppe (5 %)	Kostra
9	GSK	GSK9	0.01	TRIVSEL: 7. trinn. snitt siste fem år (5 %)	FHI
10	GSK	GSK10	0.01	TRIVSEL: 10. trinn. siste fem år (5 %)	FHI
11	GSK	GSK11	0.01	UTDANNING: Andel lærere med høyere utdanning og pedagogisk utdanning. 1.-10. trinn (5 %)	Kostra
12	GSK	GSK12	0.01	SPELIALUNDERVISNING: Andel elever som får slik undervisning. snitt siste fire år (5 %)	Kostra
13	GSK	GSK13	0.005	SFO: Andel ansatte i SFO med relevant utdanning (2.5 %)	Udir
14	GSK	GSK14	0.005	SFO: Foreldrebetaling full plass i SFO (2.5 %)	Udir
15	ELDRE	ELDRE1	0.01	TILBUD: Andel av innbyggerne over 80 år som får tjenester (5 % vekt i sektoren)	Kostra
16	ELDRE	ELDRE2	0.005	TILBUD: Andel innbyggere over 80 år som får tjenester. snitt siste fire år (2.5 %)	Kostra
17	ELDRE	ELDRE3	0.01	BEHOV: Andel av alle brukere som har omfattende behov for bistand (5 %)	Kostra
18	ELDRE	ELDRE4	0.01	BEHOV: Andel av brukere med omfattende behov. snitt siste fire år (5 %)	Kostra
19	ELDRE	ELDRE5	0.02	HJEMMESYKEPLEIE: Snitt tildelte timer per uke (10 %)	Kostra
20	ELDRE	ELDRE6	0.01	PRAKTISK BISTAND: Snitt tildelte timer per uke (5 %)	Kostra
21	ELDRE	ELDRE7	0.02	SYKEHJEMSPASSER: Antall som brukes av innbyggere over 80 år. andel av bef. over 80 år (10 %)	Kostra
22	ELDRE	ELDRE8	0.01	KORTTIDSPASSER: Antall opphold på én korttidsplass siste år (gjennomstrømming) (5 %)	Kostra
23	ELDRE	ELDRE9	0.01	UTSKRIVNINGSKLARE: Liggedøgn på sykehus. utskrivningsklare pasienter. per 10.000 innb. (5 %)	Hdir
24	ELDRE	ELDRE10	0.02	ENEROM: Andel plasser i brukertilpasset enerom med eget bad/wc (10 %)	Kostra
25	ELDRE	ELDRE11	0.03	LEGE OG FYSIOTERAPI: Tid per uke per beboer i sykehjem (15 %)	Kostra
26	ELDRE	ELDRE12	0.04	FAGUTDANNING: Andel av brukerrettede årsverk som er fagutdannet (20 %)	Kostra
27	ELDRE	ELDRE13	0.005	ÅRSVERK PER MOTTAKER: Både hjemmetjeneste og institusjon (2.5 %)	Kostra

28	BV	BV1	0.015	FRISTBRUDD: Andel undersøkelser m behandlings-tid over 3 mnd (15 % vekt innen sektoren)	Kostra
29	BV	BV2	0.02	FRISTBRUDD: Andel undersøkelser med behandlingstid over 3 mnd. snitt siste fire år (20 %)	Kostra
30	BV	BV3	0.0075	UTARBEIDET PLAN: Andel barn med utarbeidet plan (7.5 %)	Kostra
31	BV	BV4	0.0075	UTARBEIDET PLAN: Andel barn med utarbeidet plan. snitt siste fire år (7.5 %)	Kostra
32	BV	BV5	0.01	TILTAK I HJEMMET: Andel saker med tiltak i hjemmet (10 %)	Kostra
33	BV	BV6	0.01	TIDLIG INNSATS: Netto utgifter til forebygging. helsestasjon og skolehelsetjeneste (10 %)	Kostra
34	BV	BV7	0.02	ÅRSVERK: Stillinger med fagutdanning. per barn 0-17 år (20 %)	Kostra
35	BV	BV8	0.005	SAKSBEHANDLING: Avsluttede undersøkelser. per årsverk knyttet til saksbehandling og adm. (5 %)	Kostra
36	BV	BV9	0.005	INTERNKONTROLL: Innført (5 %)	Kostra
37	BH	BH1	0.02	FAGUTDANNING: Andel styrere og ledere med pedagogisk utdanning (20 % vekt innen sektoren)	Kostra
38	BH	BH2	0.015	FAGUTDANNING: Ansatte i alt med pedagogisk utdanning (15 %)	Kostra
39	BH	BH3	0.01	AREAL: Leke- og oppholdsareal per barn (10 %)	Kostra
40	BH	BH4	0.02	BEMANNING: Antall barn (korrigert for alder) per årsverk (20 %)	Kostra
41	BH	BH5	0.015	BEMANNING: Oppholdstimer per årsverk i kommunale barnehager (15 %)	Kostra
42	BH	BH6	0.005	KJØNN: Andel ansatte som er menn (5 %)	Kostra
43	BH	BH7	0.01	MINORITETSSPRÅKLIGE: Andel av minoritetsspråklige barn som går i barnehage (10 %)	Kostra
44	BH	BH8	0.005	ÅPNINGSTID: Andel barnehager med åpningstid 10 timer eller mer per dag (5)	Kostra
45	HE	HE1	0.01125	LEGEDEKNING: Andel legeårsverk per 10.000 innbyggere (15 % vekt innen sektoren)	Kostra
46	HE	HE2	0.00375	LEGEDEKNING: Ledig plass på fastlegelistene. som andel av totalt antall plasser (5 %)	Kostra
47	HE	HE3	0.01125	INNLEGGELSER: Antall innleggelses på sykehus per 1.000 innbyggere (15 %)	Kostra
48	HE	HE4	0.00375	HELSEUNDERSØKELSE: Andel barn som har fullført undersøkelse innen utgangen av 1. skoletrinn (5 %)	Kostra
49	HE	HE5	0.00375	HJEMMEBESØK: Andel hjemmebesøk hos nyfødte innen to uker etter hjemkomst (5 %)	Kostra
50	HE	HE6	0.0075	HELSESØSTER: Antall årsverk per innbygger under 5 år (10 %)	Kostra
51	HE	HE7	0.0075	PSYKIATRISK SYKEPLEIER: Antall årsverk per 10.000 innbyggere (10 %)	Kostra
52	HE	HE8	0.0075	MEDISINBRUK: Diabetesmedisin. per 10.000 innbyggere (10 %)	FHI
53	HE	HE9	0.0075	MEDISINBRUK: Hjerte- og karmedisin. per 10.000 innbyggere (10 %)	FHI
54	HE	HE10	0.00375	MEDISINBRUK: Medisin psykiske lidelser (5 %)	FHI
55	HE	HE11	0.0075	FOREBYGGING: Netto driftsutgifter til forebygging. kroner per innbygger - snitt siste tre år (10 %)	Kostra
56	SOS	SOS1	0.0075	STØNADSTID: Snitt stønadslengde for mottakere mellom 18 og 24 år (15 % vekt innen sektoren)	Kostra

57	SOS	SOS2	0.005	STØNADSTID: Snitt stønadslengde for mottakere mellom 25 og 66 år (10 %)	Kostra
58	SOS	SOS3	0.005	STØNADSTID: Andel som går over 6 måneder på stønad (10 %)	Kostra
59	SOS	SOS4	0.005	STØNAD: Mottakere av kvalifiseringsstønad. andel av de som går over 6 mnd på sosialhjelp (10 %)	Kostra
60	SOS	SOS5	0.0025	INDIVIDUELL PLAN: Brukere som har individuell plan. som andel av langtidsmottakere (5 %)	Kostra
61	SOS	SOS6	0.005	ØKONOMISK RÅDGIVNING: Andel mottakere som får gjeldsrådgivning samlet (10 %)	Kostra
62	SOS	SOS7	0.0025	FOREBYGGING: Netto driftsutgifter til veiledning og sosialt forebyggende arbeid - per mottaker (5 %)	Kostra
63	SOS	SOS8	0.0025	KUNDEKONTAKT: Telefontid for brukere. timer per uke (5 %)	Kostra
64	SOS	SOS9	0.005	ØKONOMI: Andel av mottakerne som har sosialhjelp som hovedinntektskilde (10 %)	Kostra
65	SOS	SOS10	0.005	BOLIG: Andel søknader om kommunal bolig som blir innvilget (10 %)	Kostra
66	SOS	SOS11	0.005	BOLIG: Andel av de som har kommunal bolig. som har hatt et midlertidig tilbud siste år (10 %)	Kostra
67	KUL	KUL1	0.005	PRIORITERING: Netto driftsutgifter til kultur. andel av totale netto driftsutg (20 % vekt innen sektoren)	Kostra
68	KUL	KUL2	0.0025	IDRETT: Netto driftsutgifter til idrett per innbygger (10 %)	Kostra
69	KUL	KUL3	0.0025	BARN OG UNGE: Netto driftsutgifter til aktivitetstilbud for barn og unge (10 %)	Kostra
70	KUL	KUL4	0.0025	FORMIDLING: Sysselsatte innen kulturformidling (fra Norsk Kulturindeks. Telemarksforskning) (10 %)	Kostra
71	KUL	KUL5	0.0025	BIBLIOTEK: Netto utgifter til bibliotek. per innbygger (10 %)	Kostra
72	KUL	KUL6	0.0025	BIBLIOTEK: Utlån alle medier fra folkebibliotek per innbygger (10 %)	Kostra
73	KUL	KUL7	0.00125	BIBLIOTEK: Besøk i folkebibliotek per innbygger (5 %)	Kostra
74	KUL	KUL8	0.00125	KINO: Kinobesøk per innbygger (5 %)	Kostra
75	KUL	KUL9	0.0025	MUSIKKSKOLE: Andel av elevene som går på kommunens musikk- og kulturskole (10 %)	Kostra
76	KUL	KUL10	0.00125	MUSIKKSKOLE: Antall timer per elev (fra Norsk Kulturindeks. Telemarksforskning) (5 %)	Kostra
77	KUL	KUL11	0.00125	FRITIDSSENTER: Antall besøk i året. per innbygger under 18 år (5 %)	Kostra
78	ØK	ØK1	0.01	DRIFTSRESULTAT: Korrigert netto driftsresultat siste år (10 % vekt innen sektoren)	Kostra
79	ØK	ØK2	0.02	DRIFTSRESULTAT: Korrigert netto driftsresultat siste fire år (20 %)	Kostra
80	ØK	ØK3	0.01	DISPOSISJONSFOND: I prosent av brutto driftsinntekter (10 %)	Kostra
81	ØK	ØK4	0.015	NETTO LÅNEGJELD: I prosent av brutto driftsinntekter (15 %)	Kostra
82	ØK	ØK5	0.01	ENDRING LÅNEGJELD: Endring i prosentpoeng siste fire år (5 %)	Kostra
83	ØK	ØK6	0.005	NETTO FINANSUTGIFTER: I prosent av brutto driftsinntekter. eksklusive avdrag (5 %)	Kostra
84	ØK	ØK7	0.01	INVESTERINGER: I prosent av brutto driftsinntekter (10 %)	Kostra

85	ØK	ØK8	0.005	INVESTERINGER: Snitt siste fire år. som andel av brutto driftsinntekter (10 %)	Kostra
86	ØK	ØK9	0.005	LÅN: Andel av investeringene som finansieres med lån. siste fire år (5 %)	Kostra
87	ØK	ØK10	0.005	PREMIEAVVIK: Oppsamlet beløp i balansen. i prosent av brutto driftsinntekter (5 %)	Kostra
88	ØK	ØK11	0.005	LØNNKOSTNADER: Lønn som andel av samlede brutto driftsinntekter (5 %)	Kostra
89	ENH	ENH1	0.005	HJEMMETJENESTE: Korr. brutto utgifter per mottaker. målt mot median i egen kommunegruppe (10 % vekt innen sektoren)	Kostra
90	ENH	ENH2	0.005	HJEMMETJENESTE: Per time bistand per bruker. målt mot median i egen kommunegruppe (10 %)	Kostra
91	ENH	ENH3	0.0075	SYKEHJEMSPASS: Korr. brutto utgifter per plass. målt mot median i egen kommunegruppe (15 %)	Kostra
92	ENH	ENH4	0.01	GRUNNSKOLEUNDERVISNING: Per elev. målt mot median i egen kommunegruppe (20 %)	Kostra
93	ENH	ENH5	0.005	BARNEHAGE: Kostnad per oppholdstime. målt mot median i egen kommunegruppe (10 %)	Kostra
94	ENH	ENH6	0.005	BARNEVERN: Nto utgifter per barn med tiltak. målt mot median i egen kommunegruppe (10 %)	Kostra
95	ENH	ENH7	0.005	SOMATISKE TJENESTER: Netto utgifter per innbygger. målt mot median i egen kommunegruppe (10 %)	Kostra
96	ENH	ENH8	0.0025	SOSIALTJENESTE: Korr. driftsutgifter per mottaker. målt mot median i egen kommunegruppe (5 %)	Kostra
97	ENH	ENH9	0.0025	KOMMUNEHELSE: Netto utgifter per innbygger. målt mot median i egen kommunegruppe (5 %)	Kostra
98	ENH	ENH10	0.0025	ADMINISTRASJON: Netto utgifter per innb.. målt mot median i egen kommunegruppe (5 %)	Kostra
99	MIL	MIL1	0.005	ENERGIKOSTNADER: Per kvadratmeter bygg (20 % vekt innen sektoren)	Kostra
100	MIL	MIL2	0.0025	BYGGAREAL: Samlet antall kvadratmeter per innbygger (såkalte formålsbygg) (10 %)	Kostra
101	MIL	MIL3	0.0025	DISPENSASJON: Andel søknader om nybygg i strandsonen innvilget. minus erstatningsbygg (10 %)	Kostra
102	MIL	MIL4	0.0025	KLIMA: Kommuneplan omfatter mål om å redusere klimagassutslipp (10 %)	Kostra
103	MIL	MIL5	0.005	REKREASJON: Leke- og rekreasjonsareal i tettsteder (20 %)	Kostra
104	MIL	MIL6	0.0025	MYKE TRAFIKANTER: Sykkel-, gangveier/turstier mv. med kommunalt driftsansvar (10 %)	Kostra
105	MIL	MIL7	0.0025	TURSTIER: Turstier og løyper tilrettelagt for sommerbruk (10 %)	Kostra
106	MIL	MIL8	0.0025	SKILØYPER: Samlet lengde maskinpreparerte løyper (10 %)	Kostra
107	SAK	SAK1	0.0025	REGULERINGSPLANER: Saksbehandlingstid (10 % vekt innen sektoren)	Kostra
108	SAK	SAK2	0.0025	OPPMÅLINGSFORRETNING: Saksbehandlingstid (10 %)	Kostra
109	SAK	SAK3	0.005	FRISTBRUDD: Andel byggesaker med overskredet frist (20 %)	Kostra
110	SAK	SAK4	0.005	ETT-TRINNS SØKNADER: Behandlingstid (20 %)	Kostra
111	SAK	SAK5	0.005	RAMMESØKNADER: Behandlingstid (20 %)	Kostra
112	SAK	SAK6	0.005	ENKLE TILTAK: Behandlingstid (20 %)	Kostra



113	VAR	VAR1	0.00375	HUSHOLDNINGSAVFALL: Kilo per innbygger (15 % vekt innen sektoren)	Kostra
114	VAR	VAR2	0.00375	AVFALLSSORTERING: Andel husholdningsavfall utsortert (10 %)	Kostra
115	VAR	VAR3	0.005	VANNFORBRUK: Snitt forbruk per tilknyttet innbygger (15 %)	Kostra
116	VAR	VAR4	0.00125	VANNLEKKASJE: Per meter ledning per år (20 %)	Kostra
117	VAR	VAR5	0.00125	FORNYING: Andel fornyet vannledningsnett siste tre år (5 %)	Kostra
118	VAR	VAR6	0.0025	FORNYING: Andel fornyet spillvannsnett siste tre år. avløp (5 %)	Kostra
119	VAR	VAR7	0.0025	ALDER: Beregnet snittalder for vannledningsnett (10 %)	Kostra
120	VAR	VAR8	0.0025	ALDER: Beregnet snittalder for spillvannsnett (10 %)	Kostra
121	VAR	VAR9	0.0025	GEBYR: Årsgebyr. vann. avløp. renovasjon og feiing (10 %)	Kostra
122	BRUK	BRUK1	0.005	PLEIE OG OMSORG: System for brukerundersøkelser. institusjon (20 % vekt innen sektoren)	Kostra
123	BRUK	BRUK2	0.005	PLEIE OG OMSORG: System for brukerundersøkelser. hjemmetjeneste (20 %)	Kostra
124	BRUK	BRUK3	0.005	BARNEVERN: Undersøkelser i sektoren. siste tre år (20 %)	Kostra
125	BRUK	BRUK4	0.0025	BARNEVERN: Har system for brukerundersøkelser (10 %)	Kostra
126	BRUK	BRUK5	0.005	SOSIALTJENESTEN: Undersøkelser i sektoren. siste tre år (20 %)	Kostra
127	BRUK	BRUK6	0.0025	INNBYGGERNE: Tilfredshet (Difi-undersøkelsen i 2013) (10 %)	Difi

## NHOs kommune NM – indikatoroversikt

Tabell 2.1 De fem områdene og enkeltindikatorene

<b>KommuneNM</b>	<b>Arbeidsmarked</b>	<b>Sysselsettingsandel:</b> Sysselsatte personer etter arbeidssted i prosent av befolkningen i yrkesaktiv alder (16-66 år) (+)	A1
		<b>Sysselsatte i privat sektor og offentlige foretak:</b> Sysselsatte personer i privat sektor og offentlige foretak etter arbeidssted i prosent av befolkningen i yrkesaktiv alder (+)	A2
		<b>Uføre:</b> Uførepensjonister 18-67 år i prosent av befolkningen (-)	A3
		<b>Arbeidsledige:</b> Registrerte ledige i prosent av arbeidsstyrken (summen av ledige og sysselsatte) (-)	A4
	<b>Demografi</b>	<b>Befolkningsvekst:</b> Gjennomsnittlig vekst over tre siste år, i prosent (+)	D1
		<b>Unge i forhold til eldre i arbeidsstyrken:</b> Innbyggere 19 - 24 år som andel av innbyggere 60 - 65 år i prosent (+)	D2
		<b>Netto innflytting:</b> Netto innflytting i prosent av befolkningen (+)	D3
	<b>Kompetanse</b>	<b>Kun grunnskole:</b> Sysselsatte med grunnskole som høyeste utdanning etter arbeidssted i prosent av befolkningen i yrkesaktiv alder (-)	K1
		<b>Høyere utdanning:</b> Sysselsatte med utdanning på universitets- og høyskolenivå over 4 år etter arbeidssted i prosent av befolkningen i yrkesaktiv alder (+)	K2
		<b>Fagprøveutdanning:</b> Sysselsatte med beståtte fagprøver som høyeste utdanning etter arbeidssted i prosent av befolkningen i yrkesaktiv alder (+)	K3
		<b>Teknisk og naturvitenskapelig utdanning:</b> Sysselsatte med utdanning på universitets- og høyskolenivå opptil 4 år etter arbeidssted i prosent av befolkningen i yrkesaktiv alder (+)	K4
	<b>Lokal attraktivitet</b>	<b>Inntektsnivå:</b> Gjennomsnittlig bruttoinntekt per person 17 år og over, kroner (+)	L1
		<b>Aldring:</b> Befolkningen over 80 år i prosent av befolkningen i yrkesaktiv alder 20 år fram i tid (-)	L2
		<b>Kommunens kjøp av private tjenester:</b> Kommunenes kjøp av tjenester fra private i prosent av brutto driftsutgifter (+)	L3
		<b>Arbeidsmarkedsintegrasjon:</b> Innpendling i prosent av sysselsatte personer etter arbeidssted pluss utpendling i prosent av sysselsatte personer etter bosted (+)	L4
	<b>Kommune-økonomi</b>	<b>Kommunale administrasjonsutgifter:</b> Netto driftsutgifter til administrasjon, kroner per innbygger (-)	M1
		<b>Eiendomsskatt:</b> Skatt for annen eiendom, kroner per sysselsatt etter arbeidssted (-)	M2
		<b>Kommuneinntekter i forhold til utgifter:</b> Inntekter fra eiendomsskatt, inntekt og formue, andre salgs- og leieinntekter i prosent av driftsutgifter (+)	M3
		<b>Kommunegjeld:</b> Netto lånegjeld, kroner per innbygger (-)	M4

(+): Positiv indikator ved høy verdi, (-): Positiv indikator ved lav verdi

Offentlige foretak driver sin virksomhet på forretningsmessig basis, og er kategorisert sammen med privat sektor i SSBs sysselsettingsstatistikk

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen		14/1803

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
35/2014	Formannskapet	PS	30.04.2014
31/2014	Kommunestyret	PS	14.05.2014

## Sluttrapport investeringsprosjekt nr 629 Vassleidning Fløksand - Vikebø

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

#### Prosjekt nr 629 • VASSLEIDNING FLØKSAND-VIKEBØ

Art		Regnskap 2013	Regnskap 2012	Regnskap 2011	Sum alle år:
32301	AVGIFTER OG GEBYRER	0	46 216	12 384	58 600
32302	GRUNN OG BETONGARBEID	10 237 413	7 828 558	0	18 065 971
32307	DIVERSE UTGIFTER	93	222	3 509	3 824
32700	KJØP AV KONSULENTTENESTER	0	247 586	44 848	292 434
32710	BYGGJELEIAR/PROSJEKIL EIAR	0	950	0	950
33500	OVERFØRING TIL KOMMUNAR	0	200 000	0	200 000
35003	BYGGJELANSRENTER	428 800	120 000	0	548 800
Sum utgifter:		10666 306	8 443 532	60 741	19 170 579
39100	BRUK AV LAN	-10 666 306	-8 443 532	-60 741	-19 170 579
Sum finansiering:		-10 666 306	-8 443 532	-60 741	1042 184
Sum prosjektbudsjett ikomm.styretsak29/2012		2 400 000	8 050 000	2 000 000	12450 000
Finansiering med lånemidlar					
Awik (meirforbruk):					6 720 579

Prosjektet starta opp i 2011 og budsjettet for prosjektet vart siste gang handsama i sak 29/2012 der ramma 435610401510500 vart justert opp til kr 12,45 mill. Det har i heile 2013 vorte rapportert eit forventet meirforbruk på prosjektet, sist rapportert i sak F106/2013 med ein prognose på total kostnad for prosjektet på kr 19,0 mill.

Sluttrekneskapen viser ein total kostnad på kr 19,2 mill, som er eit meirforbruk på kr 6,7 mill. Meirforbruket i forhold til siste prognose på kr 0,2 mill skuldast høgare kostnadsførte byggjelånsrenter enn rekna med i prognosen.

Meland kommune praktiserer rammebudsjettering for investeringsutgifter og finansiering av investeringar. Kommunelova og tilhørande forskrifter set som krav at investeringar skal budsjetterast og finansierast innanfor det ein skilde budsjettår, og at det er rekneskapskjema 2A som skal vere styrande for denne budsjetteringa og der kommunen fastset rammer for investeringane.

Rekneskapskjema 2A i årsrekneskapen syner at Meland kommune i 2013 ligg innanfor budsjettet med omsyn til vedtekte investeringsrammer. Kommunen har forskyving av ein del prosjekt frå 2013

til 2014 som gjer at ein på tross av meirforbruket på Fløksand-Vikebø-prosjektet totalt sett kjem ut innanfor budsjetttrammene.

Auke i budsjetttramma for 2014 for å dekke opp for forskyvinga av prosjekt frå 2013 til 2014 er vedteke i sak 18/2014 i kommunestyret.

Prosjektet er gjennomgått av revisjonen og deira rapport er handsama i sak 19/2014 i kommunestyret. Saka er og handsama i Kontrollutvalet i sak 04/2014. I begge saker er årsakene til meirforbruket gjeve ei utfyllande forklaring.

Rådmann arbeider med framlegg til nye rutinar og interne retningslinjer for oppfølging av investeringsprosjekt i trå med tilrådingane frå revisjonen og kontrollutvalet. Der vil det gå tydeleg fram korleis eit prosjekt som dette skal følgjast opp og korleis rapportering og eventuelle avvik skal handterast.

#### **Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret tar sluttrekneskapen for prosjekt 629 – Fløksand – Vikebø til orientering. Denne viser ein kostnad på i alt kr 19,2 mill, mot justert kostnadsramme på kr 12,45 mill gjev eit meirforbruk på kr 6,7 mill.

#### **Formannskapet - 35/2014**

##### **FS - behandling:**

##### **Framlegg til tilleggspunkt frå Marit Jøssang, KrF:**

Kommunestyret er kritisk til det store meirforbruket, jf. K-sak 19/2014.

##### **Avrøysting:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Tilleggsframlegget frå Marit Jøssang vart samrøystes vedteke.**

##### **FS – framlegg til vedtak:**

Kommunestyret tar sluttrekneskapen for prosjekt 629 – Fløksand – Vikebø til orientering. Denne viser ein kostnad på i alt kr 19,2 mill, mot justert kostnadsramme på kr 12,45 mill gjev eit meirforbruk på kr 6,7 mill.

Kommunestyret er kritisk til det store meirforbruket, jf. K-sak 19/2014.

## Kommunestyret - 31/2014

### **KS - behandling:**

#### **Framlegg til tilleggspunkt Meland FrP v/Sigmund Larsen:**

Kommunestyret pålegg administrasjonen å endra rutiner ved prosjektoverskridelse. Prosjektoverskridelse skal ikkje være ein del av rammebudsjettering for investeringsutgifter og finansiering av investeringa.

Prosjektoverskridelser skal fremmes som ei eige sak og godkjennast før det eventuelt kan inngå i ei rammebudsjettering for investeringsutgifter.

### **Avrøysting:**

**Framlegget frå formannskapet vart samrøystes vedteke.**

**Framlegg til tilleggspunkt frå Sigmund Larsen vart samrøystes vedteke.**

### **KS - vedtak:**

Kommunestyret tar sluttrekneskapen for prosjekt 629 – Fløksand – Vikebø til orientering. Denne viser ein kostnad på i alt kr 19,2 mill, mot justert kostnadsramme på kr 12,45 mill gjev eit meirforbruk på kr 6,7 mill.

Kommunestyret er kritisk til det store meirforbruket, jf. K-sak 19/2014.

Kommunestyret pålegg administrasjonen å endra rutiner ved prosjektoverskridelse. Prosjektoverskridelse skal ikkje være ein del av rammebudsjettering for investeringsutgifter og finansiering av investeringa.

Prosjektoverskridelser skal fremmes som ei eige sak og godkjennast før det eventuelt kan inngå i ei rammebudsjettering for investeringsutgifter.

Per Inge Olsen  
økonomisjef

Kopi: Ordfører  
Rådmann  
Økonomi-  
ansvarleg

Meland kommune  
Kontrollutvalet

Isdalstø, 14.04.2014  
Revisjonsrapport nr.11

### **Årsrekneskapen 2013**

Vi har revidert kommunen sin årsrekneskap for 2013. Vårt arbeid er utført med heimel i kommunelova § 78 og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv. som set nærare krav til revisjon av kommunen sin årsrekneskap. Forskrifta § 4 seier at planlegging, gjennomføring og rapportering av revisjon skal skje etter krava i lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk fylgjer mellom anna av internasjonale revisjonsstandardar (ISA).

I denne rapporten vil vi kommentere nokre forhold som fylgjer av vår revisjonsgjennomgang.

Rekneskapen er ryddig og oversiktleg. Vi har ingen vesentlege merknader til avstemming og dokumentasjon.

### **Driftsresultat 2013**

Kommunen har eit positivt netto driftsresultat på kr 29,9 mill. som utgjer 6,3 % av sum driftsinntekter. Oppnådd resultat er vesentleg over fjorårets resultat og budsjettert resultat for 2013. Viktige faktorar som påverkar resultatet er auke i frie disponible inntekter på 7,4%, jfr note 17 til rekneskapen medan sum driftsutgifter kun har auka med kr 2 mill. som tilsvarer 0,5%. Liten auke i utgifter og totalt sett små budsjettavvik tyder på god budsjettstyring i driftsrekneskapen i 2013.

## **Tilskot private barnehagar**

Tilskot til private barnehagar er ein stor utgiftspost i kommunen sin rekneskap og utgjer om lag kr 48 mill. i 2013. Utbetalinga bygger på eit komplisert regelverk og omfattande oppstillingar i rekneark. For 2013 er utrekninga kvalitetskontrollert av Telemarksforskning. Vi har kontrollert utrekningane til kommunen og Telemarksforskning ved stikkprøver og har ingen vesentlege merknader etter denne gjennomgangen.

## **Anleggsmidlar sjølvkostområdet**

I revisjonsrapport nr 8 kommenterte vi avvik mellom bokført verdi i balansen og avskrivningsgrunnlaget i sjølvkostrekneskapen. I 2013 er dette gjennomgått av økonomikontoret og nødvendige korreksjonar er bokført. Korreksjonane er kommentert i note nr 8. I sjølvkostrekneskapen skal eksterne refusjonar og tilskot redusere avskrivningsgrunnlaget medan desse ikkje reduserer bokført verdi i balansen. Etter gjennomgangen er balansen og avskrivningsgrunnlaget i sjølvkostrekneskapen korrigert. Vi har kontrollert desse føringane og har ingen merknad til det som er gjort. Vi ber om at anleggsmidlane på sjølvkostområdet blir lagt inn i kommunerekneskapen sin anleggsmodul i 2014.

## **Bankkontoar utanom rekneskapen**

Kommunen har nokre bankkontoar som kommunen er eigar av, men som ikkje er bokført i rekneskapen. Dette har tidlegare vore omtalt i revisjonsrapportar. Vi ber om at ein går gjennom dette i 2014 og at bankkontoar som er registrert med kommunen som eigar blir bokført i rekneskapen.

## **Avsetning for mulige tap på krav**

Kortsiktige fordringar inneheld nokre usikre krav. For å dekke tapsrisiko på desse er det i 2013 avsett kr 400 000 i 2013. Avsetninga byggjer på ein grundig gjennomgang av uteståande fordringar og vi har ingen merknad til denne.

## **Aksjefond**

Kommunen har plassert midlar i verdipapirfond. Pr 31.12.2013 er dette fordelt på Skagen Avkastning kr 6,4 mill. og Skagen Høyrente kr 5,4 mill. Avkastning for 2013 er lagt til bokført verdi og utgjer kr 301 844. Dette tilsvarer 2,6 % av bokført verdi 01.01.13.



Plassering i fond har høgare risiko enn bankinnskott. Kommunen bør difor vurdere om oppnådd avkastning forsvare den auka risikoen og om kommunen har tilstrekkeleg fri eigenkapital til å forsvare risikoen ved verdipapirplassering.

## **Kreditnota**

Ved feil fakturering frå kommunen blir det skrive ut kreditnota. Stikkprøver viser at årsak til kreditnota ikkje alltid er påført grunnlaget. Vi ber om at dette blir notert eller dokumentert slik at årsaka til utskriving av kreditnota er lett tilgjengeleg i ettertid.

## **Kapitalkonto**

Kapitalkonto skal være lik anleggsmidler – langsiktig gjeld + unytta lånemidler. I rekneskapen er det eit avvik på denne avstemminga på kr 351 993. Avviket som oppstod i 2010, var kommentert i revisjonsrapport nr 5 og revisjonsmelding for 2010. Differansen har vore uendra dei siste åra og vi ber om at denne blir avklart og korrigert.

## **Budsjett**

På grunn av endringar i ansvar og organisering etter at opprinneleg budsjett for 2013 var vedteke, er det ikkje direkte samanheng mellom budsjettskjema 1B og rekneskapsskjema 1B. Det var også nokre manglande samanhengar mellom budsjettvedtak og saksframlegg i møtebok etter kommunestyresak 114/12. Dette er nærare omtalt under rekneskapsskjema 1B og 2A i rekneskapen. Vår kontroll av budsjettet er difor på overordna nivå og vi viser til nærare omtale av budsjettoppsett i rekneskapsdokumentet.

## **Årsavslutning og dokumentasjon**

Kommunen sitt arbeidet med rekneskapsavslutninga er godt dokumentert. Rekneskapen er ryddig og oversiktleg.

## **Konklusjon**

Dei kommentarar som er teke inn i denne rapporten er ikkje vurdert som vesentlege i høve til årsrekneskapen. Vi har difor avlagt revisjonsmelding utan atterhald eller presiseringar.

Nordhordland Revisjon IKS

  
Reidar Bjørsvik  
Revisjonssjef



## Sak 22/14 Orientering om kommunen sitt reglement for økonomiske internkontroll og finansreglement og adm sin oppfølging av revisjonsrapport om økonomisk internkontroll

(Kopi av møteutskrift frå kontrollutvalet 08.11.14)

### 16/11 Forvaltningsrevisjon – ”Økonomisk internkontroll” – vedlagt rapport Revisjonsrapport nr 1 – Årsrekneskapen 2009

Sakstilfang: Forvaltningsrevisjonsrapport – ”Økonomisk internkontroll”

Kontrollutvalet vedtok i møte 14.01.11 i sak 07/11 å bestille eit forvaltningsrevisjonsprosjekt som skulle sjå på den økonomiske internkontrollen i kommunen. Prosjektet har utgangspunkt i oppmoding frå ordførar i Meland kommune om å opne sak i samband med ”barnehagesaka”, der kommunen har betalt ut om lag 7 mill. kr for mykje tilskot til dei private barnehagane i kommunen. Seinare er summen endra til 5 mill kr. Det er svært viktig at Meland kommune har rutinar/kvalitetskontroll som hindrar feilutbetalingar, og at det er avgjerande å setje inn tiltak for å hindre liknande feil i framtida.

#### **Rapporten sin konklusjon og tilrådingar:**

*”Det er utfordrande å vurdere om Meland har eit tilstrekkeleg økonomisk internkontrollsystem, fordi det ikkje ligg føre ei kjent vurdering som definerar akseptabelt risikonivå frå rådmann. Det revisjonen har gjort, er å vurdere i kva grad sentrale internkontrollelement er tilstades og vert gjennomført i samband med utrekning og utbetaling av tilskot frå kommunen.*

*Revisjonen meiner at det vert utført kontrollaktivitetar for å redusere risiko i samband med berekning av tilskot, men at desse i avgrensa grad er basert på konkrete risikovurderingar, og varierar mellom dei ulike tilskota. Det ligg i liten grad føre skriftleg dokumentasjon på korleis kontrollhandlingar skal utførast, og kva ansvar som ligg til dei ulike funksjonane. Når det gjeld utbetaling av tilskot, meiner revisjonen at sentrale internkontrollelement manglar. Den økonomiske internkontrollen på dei områda som er vurdert er i liten grad formalisert og dokumentert.*

*Revisjonen meiner derfor det er positivt at den administrative leiinga planlegg å få på plass eit meir omfattande skriftleg økonomisk internkontrollsystem i nær framtid. Etter revisjonens vurdering bør dette arbeidet prioriterast, og revisjonen er einig i administrasjonens vurdering om at arbeidet med økonomisk internkontrollsystem må forankrast både på leiarnivå og nedover i organisasjonen. Revisjonen vil understreke at det i denne samanheng også bør etablerast rutinar som sikrar at det økonomiske internkontrollsystemet vert følgt opp og halde vedlike. ”Det er i stor grad et kommunalt valg å avgjøre hva det vil si å ha betryggende kontroll innen de ulike områdene. Men, et slikt valg bør gjøres bevisst.”(PwC, 2009:22). Dette sitatet oppsummerar i stor grad revisjonens vurdering.*

#### **Revisjonens tilrådingar:**

a. Meland kommune bør prioritere arbeidet med å etablere eit økonomisk

*internkontrollsystem, basert på risikovurderinga, og tilpassa kommunen sin eigenart. Ansvar for dette arbeidet ligg hos rådmannen.*

*b. Det økonomiske internkontrollsystemet bør formaliserast t.d. gjennom skriftlege rutinar, avklaring av roller og ansvar og tilfredsstillande dokumentasjonsrutinar.*

*c. Arbeidet med å etablere eit økonomisk internkontrollsystem bør forankrast både i leiinga og i organisasjonen forøvrig, og det bør etablerast rutinar som sikrar at systemet vert følgt opp og halde vedlike.”*

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet sluttar seg til konklusjonane og tilrådingane i rapporten.

Kontrollutvalet ser det som viktig at konklusjonane og tilrådingane i rapporten vert følgt opp. Rapporten vert lagt fram for kommunestyret.

**Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:**

Kommunestyret sluttar seg til konklusjonane og tilrådingane i rapporten.

Kommunestyret ber om at rådmann føl opp tilrådingane.

**Sak 24/14 Vedlikehold av kommunale bygg – oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – administrasjon gir ein status for korleis rapporten er følgt opp**

**(Kopi av møteutskrift frå kontrollutvalet – sak 37/10)**

**37/10 Forvaltningsrevisjon – Vedlikehold av kommunale bygg og anlegg i Meland kommune**

Sakstilfang: Forvaltningsrevisjon – ”Vedlikehold av kommunale bygg og anlegg i Meland kommune”

Rapporten sitt samandrag og tilråding:

*”Det har i dei seinare åra vore stor merksemd omkring manglande vedlikehald av kommunale bygg. Både regjeringa og KS har satt vedlikehald på den kommunale dagsorden. Ei undersøking av tilstanden på bygg i kommunar og fylkeskommunar i regi av KS frå 2008, viste eit samla oppgraderingsbehov på mellom 94 mrd og 142 mrd kroner.<sup>1</sup> Administrasjonen i Meland kommune har over fleire år uttrykt bekymring i høve til vedlikehaldssituasjonen i kommunen. Fokus har vore på manglande ressursar til vedlikehald, samstundes som bygningsmassen aukar. I dette prosjektet har revisjonen sett nærare kommunen sitt styringssystem og ressursbruk i høve til vedlikehald av kommunale bygg og anlegg i Meland kommune.*

*Forvaltningsrevisjonsprosjektet vart bestilt i kontrollutvalsmøte 04.09.09, sak 27/09, og revisjonen har vurdert følgjande problemstillingar:*

- 1) I kva grad ligg det føre politisk bestemte mål for eigedomsforvaltninga i Meland kommune, og i kva grad og på kva måte rapporterar administrasjonen om utviklinga i eigedomsforvaltninga til politisk nivå?*
- 2) I kva grad ligg det føre eit rasjonelt system for planlegging og styring av vedlikehald av kommunale bygg og anlegg i Meland kommune?*
- 3) Korleis er tilhøvet mellom faktisk vedlikehald og etablerte normtal for godt, verdibevarande vedlikehald av kommunale bygg i perioden 2006-2009?*
- 4) I kva grad har kommunen eit formalisert og kommunisert internkontrollsystem innan drifts- og vedlikehaldssektoren?*

*Meland kommune har i liten grad formulert politisk bestemte mål for eigedomsforvaltninga.*

*I KS sin rettleiar ”Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold. En veileder for folkevalgte og rådmenn” heiter det at ”Eksempler frå enkeltkommuner viser at det er mulig å oppnå betydelig forbedring gjennom en aktiv og god politisk og administrativ styring”. Det er revisjonen sitt inntrykk, at dette også er tilfellet i Meland kommune. Det stiller krav til både politisk og administrativt nivå, med tanke på å leggje til rette for ei god eigedomsforvaltning.*

---

<sup>1</sup> KS (2009:1) ”Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold. En veileder for folkevalgte og rådmenn”

Eit rasjonelt system for planlegging og styring krev at ein planlegg aktivitetar og ressursbruk ut frå vedtekne mål, og rapporterar tilstand, prosess og resultat i høve til desse. Administrasjonen rapporterar jamleg om vedlikehaldstenestene, m.a. i årsmeldinga. Dersom denne rapporteringa vart systematisk knytt opp mot t.d. mål for eigedomsforvaltninga, tilstandsrapportar, planlagde vedlikehaldstiltak og påpeika moglege konsekvensar av manglande vedlikehald, ville den i større grad kunne fungere som eit styringsverktøy. Betre dokumentasjon av kommunen si eigedomsforvaltning vil kunne føre til bevisstgjerung, både på administrativt og politisk nivå.

Brukarane av bygga gir uttrykk for å være godt nøgde med den daglege oppfølginga frå vaktmeistrane i kommunen. Det er revisjonen sitt inntrykk at planlegging og styring av vedlikehaldsinnsatsen i kommunen, med fordel kan systematiserast betre, t.d. gjennom skriftlege planar for vedlikehald, basert på fakta om vedlikehaldsbehov og disponible midlar. Administrasjonen sit på data som kan systematiserast, og danne utgangspunkt for prioritering av knappe ressursar. Vidare bør administrasjonen vurdere om det bør utarbeidast serviceavtalar eller klarere retningslinjer for ansvarsdeling mellom forvaltar og brukar av bygga, for å frigjere ressursar.

NOU 2004:22 "Velholdte bygningar gir mer til alle" definerer eit av delkriteria for god eigedomsforvaltning som "riktige økonomiske rammebetingelsar tilpassa eigedomsforvaltninga sin langsiktige karakter." Administrasjonen i Meland kommune har i fleire år peika på at det er lite ressursar til vedlikehald, samstundes som den kommunale byggmassen aukar. Dersom ein legg til grunn normtal for godt, verdibevarande vedlikehald, meiner revisjonen at kommunen dei siste åra har nytta mindre ressursar enn tilrådd.<sup>2</sup>

Dette bør kommunen vere merksam på i ein periode med investeringar og auke i den kommunale eigedomsporteføljen. Normtala for godt, verdibevarande vedlikehald krev at ressursnivået vert halde oppe over tid, og vil ikkje hente inn eit evt. vedlikehaldsetterlep. Kommunen bør også sikre at vedlikehaldsutgifter vert ført i driftsrekneskapen, og ikkje finansiert over investeringsbudsjettet. Feilklassifisering av driftskostnadene kan føre til at driftsresultatet vert framstilt som betre enn tilfellet er, og er i strid med generasjonsprinsippet i kommuneloven.

Det er opp til kommunen sjølv å definere omfanget og utforminga av internkontrollsystemet, men revisjonen vil oppmode administrasjonen om å vurdere behovet for å revidere eksisterande internkontrollsystem, i høve til dei utfordringane og risikoane som pregar fagområdet, og sikre at dette vert tilstrekkelig kommunisert.

#### **Revisjonens tilrådingar:**

- Meland kommune bør formulere politiske målsettingar for eigedomsforvaltninga, og etablere rapporteringsrutinar som gir god styringsinformasjon.

---

<sup>2</sup> Basert på føresetnad om eit årsverk knytt til vedlikehald, og med atterhald om at talet kan vere høgare, som følge av evt. føringar i investeringsrekneskapen.

- *Administrasjonen bør systematisere planlegging og styring av vedlikeholdstenesta, og i større grad nytte tilstandsandsrapportar og nøkkeltall som utgangspunkt for prioritering av ressursar.*
- *Gjennomgangen av kommunen sin ressursbruk knytt til vedlikehald, tyder på at kommunen har lågare ressursbruk til vedlikehald av dei kommunale bygga, enn dei tilrådde normtala for godt, verdibevarande vedlikehald. Det bør danne utgangspunkt for ei undersøking av den faktiske tilstanden på dei kommunale bygga i kommunen, som i sin tur kan danne grunnlag for nærare vurdering av årsakene til evt. manglande vedlikehald.*
- *Administrasjonen bør vurdere behovet for revisjon av eksisterande internkontrollsystem, for å sikre at dei dekkjer dei risikoane og utfordringane som pregar drifts- og vedlikehaldssektoren.*

Rapporten vart gått gjennom i møtet av revisjonen. Kontrollutvalet stilte spørsmål til revisjon og administrasjon.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapporten ”Vedlikehald av kommunale bygg og anlegg i Meland kommune”.

**Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:**

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapporten ”Vedlikehald av kommunale bygg og anlegg i Meland kommune”. Kommunestyret ber om at rådmann kjem tilbake til med ei sak om korleis desse tilrådingane kan følgjast opp.



*H.M.V. Lilleskare og K.A. Lilleskare*

Helga M.V. Lilleskare og Knut A. Lilleskare  
Stekkevikvegen 37  
5917 Rossland

Rossland 9. september 2014

Kontrollutval Meland kommune.

5918 Frekhaug

**«Garasjesaken på Vikebø».**  
**GNR 45 -BNR 125 VIKEBØ I MELAND.**

Meland kommuneadministrasjon har ikke fulgt på kommunestyrevedtaket fattet 16.06.2010.

Alle våre realitetsbehandlingskrav har blitt avvist av kommuneadministrasjonen, og dette uten hjemmel i noe lovverk.

I vårt første realitetsbehandlingskrav omtalte vi tiltaket som garasjeoppføring oppført i 1990.

Vårt realitetsbehandlingskrav til rådmann og ordfører ble sendt til kontrollutvalget for behandling. Dette førte til rapporten «Dokumentoffentlighet og oppfølging av melding om ulovlege tiltak».

Under utarbeidelse av rapporten ble det sendt forespørsel til Fylkesmannen. I forespørselen nevnes saken som en garasje som var oppført i 1990. Fylkesmannen svarer i brev datert 20.01.2010, og omtaler garasje oppført i 1990.

I nevnte rapport nevnes tiltaket som garasje oppført i 1990.

I kommunestyrevedtaket som ble fattet 16.06.2010, refereres det til ovenfornevnte brev fra Fylkesmannen der denne nevner garasje oppført i 1990.

Vi har i dette brevet ikke sendt med vedlegg, da dette ikke skulle være nødvendig da Dere har tilgang til alt dette i Deres arkiver, og i Meland kommune sine arkiver.

Den delen av Meland kommuneadministrasjon som har ansvaret for å følge opp kommunestyrevedtaket har ikke fulgt opp revisjonsrapporten og heller ikke kommunestyrevedtaket av 16.06.2010. Derimot har avdelingen fått behandlet en garasjeport som ble satt inn i 2007. Kommunestyrevedtaket 16.06.2010 omhandlet en garasje oppført i 1990 er ikke behandlet.



**Avdelingen har også mottatt 2 stk purringer fra Fylkesmannen om å behandle saken etter § 32 i plbl. Dette er heller ikke fulgt opp.**

**Ut i fra dette kan vi ikke på noe måte se at ulovlighetene vi har krevd realitetbehandlet er behandlet av Meland kommuneadministrasjon.**

**Vi vil med dette be kontrollutvalet se på denne saken. Og se alvorligheten i at et enstemmig kommunestyrevedtak ikke blir fulgt opp, i tillegg til at Plan- og Bygningsloven ikke blir fulgt opp.**

**Godkjent elektronisk / elektronisk signert av oss begge.**



**Helga M. V. Lilleskare**

**Knut A. Lilleskare**

**Eiere av Gnr.45 – bnr.131**